



Skriftlege tekstar
8.–10. trinn
Lærer: Torill Tørjesen
Holmlia skole, Oslo

PÅ JAKT ETTER SUBSTANTIV

Denne filmen syner korleis elevar kan arbeide aktivt med grammatikkøvingar tidleg på 8. trinn. Det er undervisningsrommet og elevane sjølve som er utgangspunktet for øvingane. Målet er at elevane skal repetere grammatikkreglar gjennom enkle, korte og varierte oppgåver.

Desse øvingane kan gjennomførast først i ein time, dei kan vere eit avbrekk i eit anna undervisningsopplegg, eller dei kan vere repetisjon for å halde kunnskapane i grammatikk ved like.

Elevane vert til dømes bedne om å finne tre ulike substantiv i rommet, på kvarandre, på pulten osv., og deretter skal dei bøye substantiva. Øvingane vert oppsummerte i fellesskap, og dei grammatiske reglane vert repeterte på tavla.

Den neste oppgåva elevane gjer, er å plukke ut substantiv frå dikt i læreboka. Elevane

skal finne substantiva og gjere dei om til eintal med rett artikkel eller mengdeord framfor. Utfordringa i denne oppgåva er både å finne alle substantiva og vite om substantivet er hannkjønn, hokjønn eller inkjekjønn.

Den siste oppgåva er at elevane skal lage ei loddrett substantivrekke ut frå bokstavane i førenamnet sitt. Også i denne oppgåva skal dei gje substantivet rett artikkel eller mengdeord, til dømes slik:

S – eit sykkelstyre
A – ein apekatt
R – ein regndrope
A – ei and
H – eit hjarte

Ein vri eller ekstra variasjon kan vere at elevane løyser grammatikkoppgåver på Internett, på skulen eller heime. Det er fleire nettstader som fritt tilbyr grammatikk- og rettskrivingsøvingar.



Vi legg merke til at det er mange elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn i denne elevgruppa, og gjennom eit slikt opplegg får dei styrkt kompetansen sin i norsk språk, til dømes ved å gje substantiv rett kjønn.

Spørsmål til diskusjon

Kva likte du ved dette opplegget?
Når bør undervisninga i nynorsk grammatikk byrje?
Kor stor del av nynorskopplæringa bør grammatikkdelen utgjere?
Korleis vil du leggje opp innlæringa av grammatikk på ein best mogleg måte?
Korleis kan ein gjere undervisninga i grammatikk både systematisk og variert?

Ressursar

Språkrådet sitt nettkurs i nynorsk:
www.sprakradet.no/Skole/Nynorsk.nett.no

Norsk Nettskole sine ressurssider om nynorsk rettskriving:
www.norsksidene.no/

Tekstlaboratoriet ved UiO:
GREI – grammatikkspel for elevar:
www.tekstlab.uio.no/grei/